
Om kjøp av orgel til Frøyset kyrkje



Kvifor er dette skrivet laga ?



Å kunne improvisere eit arrangement over eit tema, til dømes ein salmetone, er ein viktig eigenskap hos ein god organist. Mange flotte orgelarrangement har nok oppstått ved at organisten har leikt seg med tangentane, og skapt nye og flotte musikkstykke der og då.

Kan hende er stykket ein ser notane til her, kome til som ein improvisasjon ein gong. Dette er ein faksimile av notane til fyrste delen av salmen 'Ich ruf zu dir, Herr Jesu Christ' (BWV639) i arrangement for orgel, slik Johann Sebastian Bach sjølv har skrive det ned. Takka vere notane har andre kunna gjenskape denne musikken, lenge etter at Bach sjølv slutta å spele for godt.

Men å **spele** orgel er ein ting - å skulle **kjøpe** eit orgel er noko heilt anna. Då er det ikkje om å gjere å kunne improvisere, snarare tvert om. Det er nyttig - for ikkje å seie nødvendig - å ha noko skriftleg å rette seg etter, ei rettleiing om prosess og prinsipp. Men finnest noko slikt?

Då Masfjorden sokn skulle kjøpe nytt orgel til Frøyset kyrkje, oppdaga ein fort at det ikkje akkurat var flust med informasjon til hjelp for folk som for fyrste - og truleg einaste - gong i livet skulle gå laus på ei slik oppgåve. Rett skal vere rett, litt informasjon kan ein alltid finne. Men den er i stor grad fragmentert, og lett å oversjå dersom ein ikkje veit kva ein bør leite etter. **Her burde KA vore på banen og laga ei systematisk rettleiing for folk som skal arbeide med å kjøpe inn orgel til kyrkja si.** Dei fleste som kjem i ein slik situasjon, vil truleg vere nybyrjarar innan området, og ein kan ikkje vente at alle skal ha god oversikt over alle dei problemstillingane som kan dukke opp undervegs i prosessen.

Dette vesle skrivet tek ikkje mål av seg til å vere ei slik systematisk rettleiing. Snarare er det ein slags logg over det arbeidet som vart gjort i samband med at Frøyset kyrkje fekk nytt digitalt orgel i 2021. Men på den måten er det i det minste mogleg å sjå nokre av dei problemstillingane som dukka opp undervegs, slik at ein kan vere merksam på dei, og vere førebudd.

Innkjøpsprosessen tok knapt eit halvt år frå beslutning om innkjøp vart teken, til dess orgelet vart teke i bruk. Om dette er ei lang eller kort tid, veit vi ikkje. Vi har ingen ting å samanlikne med. Men det var ein spanande prosess, og resultatet er vi svært godt nøgde med. Sagt på ein annan måte - hadde dette vore ein gamaldags skulestil, trur vi gjerne at den ville blitt avslutta slik: «Alle var samde om at det hadde vore ein gild tur.»

Det er vårt inderlege ynskje at andre i same situasjon som oss i ettertid skal kunne seie det same.

For orgelnemnda i Masfjorden sokn

Rune Garmann


Innleiing



Hausten 2020 stod vi utan eit fungerande orgel i Frøyset kyrkje. Det kom ikkje som ei stor overrasking – det elektroniske orgelet kyrkja fekk i 1995, hadde vore ustabil lenge. Nokre gongar fungerte det, andre gongar ikkje. I den siste tida fungerte det slett ikkje.

Tidlegare hadde ein prøvd å få orgelet reparert. Men firmaet som hadde stått for reparasjonen, var ikkje lenger aktivt, og forhandlaren som i si tid selde orgelet til Frøyset, forhandla ikkje lenger dette merket.

Fellesrådet i Masfjorden vurderte at det var lite truleg at ein ny reparasjon ville gi ei varig løysing på problema med orgelet, og bestemte seg for at ein skulle setje i gang ein prosess for å få kjøpt nytt orgel. Rådet peika ut medlemmer til ei særskilt orgelnemnd sett saman av kyrkjelydsmusikar, Masfjorden kommune sin representant i Fellesrådet, samt leiar i Soknerådet til å ta seg av dette.



1 : Rammer for arbeidet

Rammer for arbeidet – val av orgeltype

Det første orgelnemnda gjorde, var å orientere seg i kva alternativ ein hadde. Desse var:

- **Å kjøpe eit nytt pipeorgel i høveleg storleik – det vil seie minimum 10 stemmer.** Forventa pris på eit tistemers orgel var godt over 3 millionar kroner. Nemnda vurderte det difor som urealistisk å skaffe midlar til eit nytt pipeorgel. Ein var også usikker på om det let seg gjere å setje av tilstrekkeleg med midlar til ettersyn og vedlikehald av dei tre pipeorgla som då ville vore i kommunen.
- **Å kjøpe eit brukt pipeorgel.** Det kunne sjå ut til at det ville mogleg å anskaffe eit brukt pipeorgel til om lag same prisen som eit nytt digitalorgel. Men det ville avhenge av at ein fann eit orgel som kunne tilpassast rommet det skulle stå i, og ein måtte pårekne ukjende kostnader til både oppsett og seinare vedlikehald.
- **Å kjøpe eit nytt digitalt orgel.** Dette vart vurdert som det økonomisk sett gunstigaste alternativet, både med omsyn til innkjøp og vedlikehald. Masfjorden kommune har tre soknekyrkjer. To av desse har pipeorgel. Orgelnemnda syntest det var eit poeng at ein ved å kjøpe digitalt orgel til Frøyset kyrkje, kunne gjere det lettare å finansiere ettersyn og vedlikehald av pipeorgla i dei andre kyrkjene.

Orgelnemnda konkluderte med at ein ville tilrå kjøp av digitalt orgel til Frøyset kyrkje. Fellesrådet vedtok å fylgje tilrådinga, og ga orgelnemnda i mandat å finne fram til ei løysing som omfatta kjøp av digitalt orgel.

Rammer for arbeidet – bruksområde for orgelet

Frøyset kyrkje er ei trekyrkje med om lag 200 sitjeplassar. Ho vert i all hovudsak nytta til kyrkjelege handlingar. Tradisjonelt vert konsertar og liknande arrangert i ei av dei andre kyrkjene, så krava til orgelet som konsertinstrument er heller små. Orgelnemnda sikta seg difor inn på orgel av ein storleik som kunne fungere godt som liturgisk instrument i ei kyrkje med om lag 200 sitjeplassar, og som kunne stette enkle krav til orgelet som konsertinstrument.

Men erfaringar frå den tidlegare løysinga gjorde at nemnda la vekt på at den nye løysinga skulle vere av høg kvalitet med omsyn til klang og akustisk tilpassing til kyrkjerommet.

Rammer for arbeidet – lover og forskrifter

§20 i Kirkeordning for Den norske kyrkje, siste ledd, kan ein lese : «*Menighetsrådet fører fortegnelse over inventar og utstyr i soknets kirker. Anskaffelse og avhendelse av kirkens inventar og utstyr skal godkjennes av biskopen.*»

Sagt på ein annan måte : Ein kan strengt tatt ikkje slå inn ein spikar i kyrkjeveggen, utan at det skjer med biskopen si velsigning.

Lov om offentlige anskaffelser stiller krav til korleis ein offentleg instans skal gå fram ved innkjøp av varer og tenester. Desse krava er ulike, alt etter storleiken på innkjøpssummen. Det er difor viktig at ein tek utgangspunkt i eit rimeleg realistisk estimat for storleiken på innkjøpssummen, og legg til rette for ein innkjøpsprosess i tråd med det.

Det er lett å oppfatte slike rammer som kompliserande faktorar i ein prosess som er komplisert nok som han er. Men orgelnemnda si oppfatning – og sine røynslar i ettertid – er at dette er gode hjelpemiddel for dei som skal foreta innkjøp. Fylgjer ein retningslinene i Lov om offentlige anskaffelser, sikrar ein at ein får ein ryddig innkjøpsprosess der kjøpar sine interesser vert vel tekne i vare. At biskopen skal godkjenne nytt inventar, er ei kvalitetssikring av løysinga ein vel.

Rammer for arbeidet – økonomi

Å skulle kjøpe eit nytt orgel er ei stor investering. Eg vil tru at det ikkje er mange sokn som har dei naudsynte midlane på bok. Og Masfjorden sokn hadde det så visst ikkje.

Orgelnemnda starta arbeidet med finansieringa med å få eit grovt estimat over kva eit orgel i høveleg storleik kunne kome til å koste, og la til ein sum til dekking av andre utgifter. Det siste omfatta honorar til orgelkonsulent og pengar til naudsynt tilpassing av kyrkjebygget.

Deretter tok orgelnemnda kontakt med rådmannen, som rådde oss til å søkje formannskapet om ei ekstraløyving til finansiering av orgelkjøpet.

Men før endeleg søknad til formannskapet vart send, skjedde noko heilt uventa: Ein privatperson tok kontakt og sa seg villig til å sponse orgelkjøpet med eit beløp som utgjorde mesteparten av forventa totalkostnad.

Formannskapet i Masfjorden løyvde så eit visst beløp til prosjektet, og vedtok å forskottere restsummen.

Soleis kunne orgelnemnda gå vidare i prosessen, i forvissning om at vi hadde finansiell dekning for innkjøp – sjølv om det kunne syne seg at det ville mangle litt pengar når sluttoppgjeret låg føre.

2 : Innkjøpsprosessen

Det gjeld å skaffe seg gode allierte



Det første orgelnemnda gjorde, var å knyte til seg orgelfagleg hjelp. Ein potensiell leverandør tipsa oss om ein person som kunne vere aktuell. Matthias Becker er orgelbyggjar, og held til i Fredrikstad. Ein rask sjekk på Google godtgjorde at dette er ein mann med svært mange referansar til orgelfaglege oppdrag i Noreg. Matthias fekk spørsmål om han kunne ta på seg konsulentoppdraget, og han takka ja.

Då innkjøpsprosessen var i gang, kom det fram at Matthias Becker har høg tillit hos alle leverandørane som konkurrerte om å levere orgelløysing til Frøyset kyrkje.

Til å begynne med bistod han orgelgruppa med utforminga av anbodsinnbydinga som vart laga. Etterpå vurderte han dei innkomne tilboda, og kom med ei tilråding til orgelnemnda om kva tilbod ein burde gå for.

Også etter at leverandør var bestemt og avtale inngått, har Matthias Becker bidrege med gode innspel i den meir detaljerte utforminga av kva som skal inngå i leveransen.

Om å ta rammene på ramme alvor

Eit fyrste steg er å orientere bispekontoret om at ein planlegg å kjøpe nytt orgel, og be om råd og retningslinjer derfrå. Orgelnemnda var tidleg ute og gjorde dette, men av ulike grunnar vart henvendinga frå nemnda liggjande uhandsama på biskopen sitt kontor ei god stund.

Men svaret som omsider kom frå biskopen ga grønt lys for vidare arbeid: Biskopen hadde nokre prinsipielle syn på val av orgeltype, men var pragmatisk nok til å sjå at løysinga som orgelnemnda hadde kome fram til og som Fellesrådet hadde slutta seg til, var den som let seg gjennomføre. Ein fekk difor godkjenning til å anskaffe eit digitalt orgel.


Men ein la til grunn at ein rådførte seg med bispekontoret i det vidare arbeidet. Det er gjort, og samarbeidet med bispekontoret har vore konstruktivt og godt.

Eit innkjøp i den storleiksordenen ein her snakkar om, kan gjennomførast som eit lukka anbud. Det vil seie at ein inviterer minimum tre leverandørar til å kome med eit tilbod på løysinga. Grunnlaget for anbudet vart utarbeidd i samarbeid med Matthias Becker, og inneheldt desse punkta :

- Spesifikasjon av økonomiske rammer for investeringa,
- målsett skisse av kyrkjerommet, supplert med fotografi av interiøret,
- ei skildring av bruksområda for orgelet,
- ei klårt uttalt prioritering av ei velklingande høgttalarløysing framfor storleik på sjølve orgelet,
- krav om dokumentasjon av garanti, serviceordning, framtidig tilgjenge på reservedelar.

Anbodsinnbydinga vart send til tre leverandørar, som alle er representantar for velrenommererte produsentar av digitale orgel. Då fristen for å levere inn anbud var omme, hadde alle tre levert tilbod som i all hovudsak stetta dei krava som var stilt i innbydinga.

Indre mål, skip, kor, menighetssal, Frøyset kyrkje.



Illustrasjonen over syner ein målsett skisse av kyrkjeskip med tilstøytande kyrkjelydssal. Skissen, som var med i anbodsinnbydinga, er laga i Sketchup, som er eit enkelt web-basert program for å lage tredimensjonale modeller. Programmet kan nyttast vederlagsfritt til føremål som dette.

Link: <https://www.sketchup.com/plans-and-pricing/sketchup-free>



Biletet over syner eitt av fleire fotografi av kyrkjeinteriøret, som var med i anbodsinnbydinga. Føremålet var å gi leverandørane eit best mogleg inntrykk av rommet det nye orgelet skulle plasserast i.

Kven skal ei godblunke til?

Sjølv om alle tre tilboda nokonlunde var innanfor rammene som var sett i anbodsinnbydinga, var dei ikkje like. Prismessig var dei to dyraste tilboda 10 og 12 % dyrare enn det rimelegaste. Utstyrmessig var tilboda heller ikkje like.

Orgelnemnda hadde ein god og konstruktiv dialog med alle tre leverandørane. Dette bidrog til at nemnda etter kvart fekk eit klårare bilete av kva som låg i dei ulike tilboda. Det førde også med seg at alle leverandørane valde å endre tilboda sine:

- Den eine leverandøren valde å tilby ei anna høgttalarløysing, noko som medførte ein prisreduksjon på 23%. Lydmessig ville truleg denne nye løysinga fungert betre enn den opphavlege løysinga.
- Den andre leverandøren kunne levere eit ferdigbygd orgel, ikkje brukt, men av ein litt eldre modell, og tilby dette til redusert pris – ein prisreduksjon samanlikna med det opphavlege tilbodet på 6%.
- Den tredje leverandøren kunne levere ei pakke med eit orgelkonsoll med litt rimelegare utføring av manualane, men med ekstra høgttalarar til kyrkjelydssalen, og med ein prisreduksjon på 17%.

Det høyrer med at orgelnemnda i denne perioden ikkje informerte tilbydarane om innhaldet i tilboda frå konkurrentane, men i dialogen med kvar leverandør hadde fokus på innhaldet i tilbodet vedkomande hadde gitt.

For orgelnemnda vart det ei omfattande og utfordrande oppgåve å bestemme seg for kva leverandør ein skulle anbefale Fellesrådet å gjere avtale med. Alle tilboda var gode, og kommunikasjonen med leverandørane etter at tilboda var komne inn, synta at alle var innstilte på å levere oss eit produkt vi ville vere nøgde med. Uansett kva tilbod vi hadde endt opp med, ville vi truleg fått ei god og tenleg løysing i Frøyset kyrkje.

Det vil føre for langt å gå detaljert inn i vurderingane som nemnda foretok, og dessutan vil det neppe vere i tråd med god forretningsskikk å gå inn i detaljane i dei ulike tilboda. Men orgelnemnda gjorde ei innstilling til Fellesrådet som rådet valde å fylgje, og rådet vedtok å akseptere tilbodet frå Kirkeorgel Strandskogen og gå til innkjøp av eit Johannus orgel, type Ecclesia T-250.

3 : Førebuing av installasjon av orgel og høgttalarløysing

Kva gjer vi med det gamle orgelet?

Orgelnemnda hadde ingen illusjonar om at det ville vere mogleg å få seld orgelet til ein særleg god pris. Snarare var ein på utkikk etter ei løysing der ein slapp store anstrengingar for å verte kvitt det.

Det vart til at orgelet vart lagt ut til sals på Finn, under overskrifta «Kyrkjeorgel søker ny eigar med entusiasme, pågangsmot og loddebolt» - sjå illustrasjonen attmed.

Av annonsen gjekk det klart fram at dette ikkje var noko praktinstrument, men at den som overtok det, måtte pårekne å gjere ein viss innsats for å få orgelet i spelbar stand att. Ein ynskte ikkje å lure nokon.

Annsen vart lagt merke til. Det synt seg at det var 542 ulike personar inne og såg på annonsen, og fleire uttrykte interesse for å overta orgelet. Den som til slutt fekk gleder av å verte eigar av eit kyrkjeorgel, plukka det fint frå kvarandre i delar og tok hand om det på beste måte.

Masfjorden sokn takkar den nye eigaren så mykje for hjelpa, og ynskjer all mogleg hell og lukke til med nyervervinga!

Om det nye orgelkonsollet




Det nye orgelet heiter Johannus Ecclesia T-250. Dette er eit orgel med pedalsett og to manualar, og med knappane for registerkoblingar plassert i ei rekkje over manualane. Heile orgelkabinettet er både smalare og lågare enn det førre orgelet, og får ei finert overflate i lys eik, noko lysare enn instrumentet som er avbilda på fotografiet attmed. Overflata er ikkje ulik den som var på det forrige orgelet.

Ein vurderte at denne utforminga ville gjere at kabinettet vil framstå meir diskret enn det som var her frå før. Bortsett frå å fjerne det gamle orgelet for å gi plass til det nye og sjå til at det vert plassert med god sikt til talarstol og alterring, har ikkje orgelnemnda funne det naudsynt å setje i verk særskilte tiltak.

Om høgttalarløysinga

Utforming og plassering av høgttalarane, derimot, har kravd eit ikkje lite forarbeid: Den tidlegare høgttalarløysinga bestod i at fire aktive høgttalarar var sett opp på bakveggen i galleriet. Visuelt fungerte dette greitt. Men lydmessig fungerte løysinga svært dårleg, og for orgelnemnda var det maktpåliggjande å få til noko som kunne gi Frøyset kyrkje eit velklingande instrument.



Orgelkonsulenten vår meinte at det ville vere fornuftig å plassere høgttalarane oppe på vestveggen i sjølve kyrkjeskipet, på kvar si side av galleriopninga. Han sende over ei utforming av høgttalarasystemet i Notodden kapell, som var under oppføring. Her var høgttalarane monterte i to trekanta kabinett som var monterte på vestveggen i kapellet, eitt kabinett på kvar si side av galleriopninga der.

Ein skisse til tilsvarande kabinett for Frøyset kyrkje vart laga, basert på mål av kyrkja og dimensjonert i høve ynskt storleik (volum) på kabinetta. Tanken var å måle kabinetta i same raudbrune farge som ein mellom anna finn på listverk og takstolar i kyrkja, samt å ha eit naturfarga tregitter i front. På den måten ville ein ikkje kamuflere høgttalararkassane, men prøve å gjere dei til integrerte delar av kyrkja sitt interiør.

Skissen vart oversendt konsulent ved bispekontoret, som hadde nokre få merknader til utforminga, men elles ga uttrykk for at dette kunne vere ei akseptabel løysing.

Men på eine sida av galleriet kunne det sjå ut som om høgttalarkabinettet ville kome i konflikt med alternativ rømningsveg – ein brannstige – frå galleriet. Orgelnemnda fann det rett å kontakte brannfagleg ekspertise, og etter avtale med brannsjefen i kommunen kom ein branninspektør på plassen. Han kunne konstatere at eit høgttalararkabinett med den storleiken som var tenkt, ville opplevast som ei hindring for tilgjenge til brannstigen, og tilrådde difor ikkje ei utforming som medførte eit så stort kabinett.

Ei ny løysing vart utarbeidd. Den består i at dei to basshøgttalarane i høgttalaroppsettet vert monterte i kvar sitt trekanta kabinett, som vert plassert på kvar si side av galleriopninga på vestveggen, oppe under taket. Dei åtte koaksial-høgttalarane som utgjør resten av høgttalaroppsettet, vert plasserte i to søyleforma kabinett, eitt på kvar side inne i galleriopninga. Søylen er sett saman av to seksjonar som kvar inneheld to kammer – eitt til kvar høgttalar. Kvart kammer har eit volum som er nøye tilpassa dei krav høgttalararen stiller til dette. Søylen er elles utforma slik at alle ledningar vert skjulte, og kabinetta vert malte i same mørk blågrå farge som ein finn inne i galleriopninga.

Høgttalarløysinga i kyrkja vert supplert med eit par aktive høgttalarar i kyrkjelydssalen. Desse høgttalarane vil supplere høgttalarløysinga når kyrkjelydssalen vert nytta i samband med mykje besøkte gudstenester, og ved konfirmasjonar og gravferder med stor tilstrøyming av folk.



Biletet over syner ein prinsippsskisse av høgresida av den nye høgttalarløysinga med søyle for mellomtone/diskant-høgttalarane inne i galleriopninga og basskabinettet hangande på vestveggen. Ein ser også toppen av brannstigen som var den direkte årsaka til at ein måtte utarbeide denne nye løysinga.

Tilretteleggingsarbeid

I forkant av at orgelet skulle kome, vart det gjort ein del forarbeid i kyrkja. Noko var gjort på dugnad: Det var trekt signalkablar frå der orgelet skal stå og fram til kyrkjelydssalen der dei aktive høgttalarane skal plasserast, og desse vart terminerte og påsett XLR-kontaktar. Det vart skrudd opp lekter på vestveggen som skulle hjelpe til med å få kabinetta til basshøgttalarane i rett posisjon.

Det var alt lagt opp ein eigen elektrisk kurs til det førre orgelet, på 10A med overspenningsvern av kategori C. Ein elektrikar forsynte kursen med litt fleire støpsel, slik at det i ettertid skulle vere mogleg å plassere orgel og tilhøyrande utstyr på galleriet utan å måtte ty til skøyteleidningar. Frå før av var kursen forsynt med ein brytar, noko som gjer at ein kan slå alt tilknytt utstyr på og av med denne eine brytaren. Elektrikaren la også opp kontaktar til dei aktive høgttalarane i kyrkjelydssalen. Desse kontaktane er på same vis som inne i kyrkja, sett opp med ein brytar. Dette gjer det mogleg ein gong for alle å stille inn høgttalarane akkurat slik det høver, og så slår ein desse på og av etter behov. Aktiv høgttalar frå taleforsterkar er også påkobla denne kursen.

Ein ynskte å plassere orgelet slik at organisten enkelt kunne følgje med på kva som skjer nede i kyrkja, utan å vere avhengig av spegel. Organisten prøvde ut ulike stader på galleriet, og kom fram til ei plassering som ga god oversikt. Orgelet måtte plasserast litt til sides for midten, noko som hadde den positive bieffekten at det runde vestvindauget no vart meir synleg nede frå kyrkjegolv.

Ikkje uventa vart den største utfordringa å få plassert orgelet der det skulle stå. Å få det inn i sjølve kyrkja gjekk greitt. Sjøføren som kom med orgelet, køyrde det på pallegjekk heilt inn i kyrkjerommet. Men derfrå skulle ein få heist orgelet opp på galleriet. Trappa opp til galleriet er for trang til at orgelet kunne berast opp, så her måtte andre tiltak til.

Heldigvis har Masfjorden kommune ein gjeng med flinke og innsatsvillige tilsette på Teknisk etat, og dei tok på seg oppgåva med entusiasme. Og når kommunen dessutan har ein lift med tilstrekkeleg kapasitet både med omsyn til løftevekt og høgd, skulle det syne seg at orgelet kom heilskinna opp på galleriet. Og sidan organisten alt hadde vore på plass og funne ut kvar orgelet burde plasserast, sikra ein at orgelet vart plassert der det skulle medan det var menneskap til stades som kunne flytte på det.

Biletet attmed syner gjengen frå teknisk i arbeid med liften. Biletet under syner ein tydeleg nøgd gjeng då orgelet var kome på «si rette hylle i livet».



4 : Installasjon og intonasjon av orgelet

Då orgelet og tilhøyrande utstyr vel var kome på plass, stod den kan hende viktigaste delen av prosessen att: Å tilpasse orgel og høgttalarar akustisk til rommet det skal stå i. For sjølv om eit orgel er aldri så godt, og høgttalaroppsettet aldri så omfattande, er det fyrst når dette klangleg harmonerer med rommet det står i, at ein får fullt utbyte av investeringa.

I anbodsinnbydinga hadde ein teke med at orgelet skulle leverast ferdig montert og intonert i rommet, og leverandøren hadde i tråd med kjøpsavtalen sendt to personar til Frøyset for å få dette gjort. Det skulle syne seg at dette arbeidet tok om lag 20 timar alt i alt.

Det fyrste som skjedde, var at orgelet vart gjennomgått og sjekka for eventuelle feil som følgje av påkjenningar under transport. Dette er ei oppgåve som synleggjorde kor viktig det er at montering og oppsett vert gjort av leverandør. På same vis var det ein stor føremon at høgttalararelement og -kabinett vart ettersett og ferdigmontert av leverandør.

Då alt var kobla saman, kom den store stunda: Orgelet vart slege på, og dei fyrste tonane kunne klinge ut i kyrkjerommet.

Det vart ei stor oppleving, bokstavig tala. Bassen var rumlande og altfor kraftig, og dei ulike stemmene var lite homogene.



Dermed var det duka for det som kan hende er den viktigaste faktoren for at klangen i orgel og høgttalarar skal kome til sin rett: intoneringa.

På digitale orgel skjer det via eigen programvare, og biletet attmed syner Matthias Becker i sving med dette arbeidet. Målet er å syte for at dei ulike stemmene kling godt saman, slik at når desse vert nytta av organisten, så framstår kvar av dei som delar av ein organisk (*pun intended*) heilskap.

Proessen skjedde i to omgangar - fyrst ei grov tilpassing av volum og klang i kvar stemme, og deretter ei finare tilpassing av ulike stemmer opp mot kvarandre.

For ein utanforståande var det nærmast magisk å legge merke til korleis orgelet på eit vis vart forvandla frå å vere eit i overkant høgsmalt instrument med litt lite samanheng mellom stemmene, til å verte eit velklingande instrument der dei ulike stemmene balanserte kvarandre på ein fin måte, og skapte vellyd. Det er inga overdriving å seie at denne nye løysinga er langt betre lydmessig enn den forrige.



5 : Ei kort oppsummering

Biletet under syner galleriet med det nye orgelet og høgtalaroppsettet på plass. Slik vart det synlege resultatet. Samanliknar ein med biletet på side 5, er det etter vår vurdering ikkje dei store skilnadane mellom denne løysinga og den forrige, reint visuelt. Når det gjeld det klanglege derimot, er skilnaden gledeleg stor samanlikna med det ein hadde før.



Ser ein attende på heile prosessen, har det vore nokre punkt som har vore spesielt viktige for resultatet. Desse er nemnt her :

- Det var nyttig å seie noko om storleiken på kyrkja, og kva ein såg for seg orgelet skulle brukast til. Då kunne ein alt i utgangspunktet sikte seg inn på eit orgel av høveleg storleik.
- Dermed hadde ein eit godt utgangspunkt for å kome fram til eit estimat over kostnadane, slik at ein kunne få fram eit budsjett. Forutan at dette vart grunnlaget for ein finansieringsplan, var estimert kostnad viktig med tanke på kva omsyn ein må ta for å stette lovkrava i Lov om offentlege innkjøp.
- Truleg er dette rette tida for å ta kontakt med bispekontoret, slik at ein kan få avklåra retningslinjer for utforming av ei løysing før ein går ut og kontaktar leverandørar.
- Ein bør koste på seg utgifter til ein orgelfagleg konsulent! Det kan vere fornuftig å nytte konsulenten før ein går ut til forhandlarar og bed om tilbod - både for å sikre at all relevant informasjon er med, og for å sjå til at informasjonen er gitt på ein måte som ikkje er til å misforstå for utanforståande.
- Ein må vurdere løysningsframlegg frå leverandør både med omsyn til det lydmessige og til korleis løysinga vil sjå ut i kyrkja. Her er både orgelkonsulent og bispekontor nyttige ressursar - for ikkje å snakke om brannvernet. Hadde det ikkje vore for at ein fekk til ei synfaring med branninspektør, er det ein fåre for at vi kunne endt opp med ei utforming av høgtalarane som ville kome i konflikt med tilgjenge til rømningsveg.
- Det kan løne seg å ha ein gjennomgang av løysingsframlegga med leverandør innan ein gjer den endelege avgjerda.
- Vi har svært gode røynsler med å la leverandør stå for ein totalleveranse som både omfattar orgel, høgtalarløysing, og ikkje minst montering og intonasjon av dette. Med tanke på kor stor klangleg forbetring intoneringsarbeidet medførte, er det ingen tvil om at kostnadane ved dette var svært vel anvendte midlar.



Då er det berre å glede seg over resultatet!

Tekst og foto: Rune Garmann